

Samandrag av innlegg ved feiringa av 150-års minnet om forfattaren Hans Seland (1867–1949)

Av Andreas Hompland

To-kyrs industriarbeidarar

Det er stor fare for å koma skeivt ut i forståinga av norsk næringshistorie, arbeidshistorie og mentalitetshistorie dersom ein held seg til dei dominerande fortellingane: På den eine sida eit tradisjonelt bondesamfunn, og på den andre sida klassemedvitne og organiserte proletarar i byar og store fabrikkar.

Mye av industrien låg på bygdene. Samtidig som det blei fleire industriarbeidarar, blei det også fleire småbrukarar, og dei møttest ofte i ein og same person. Arbeidarbonde eller bondearbeidar var ingen uvanlig posisjon, verken som realitet eller ideal. Eg bruker merkelappen "to-kyrs industriarbeidar". Både småbrukarrørsla, arbeidardemokratlar og andre politiske parti dyrka slike kombinasjonar og la til rette for dei med offentlige tiltak.

To-kyrs industriarbeidarar levde i spenningsfeltet mellom det lokale bondesamfunnet og det nasjonale og ideologiske industrisamfunnet. Dei måtte på ein måte forhandla med seg sjøl og omgivelsane om kven dei var og kvar dei høyrde mest til, og det skifta over tid og mellom situasjonar. Dei hadde gjerne fast, men sesongprega arbeid på anlegg og fabrikkar. Det var som oftast kvinnene som tok seg av fjøsstellet, men i slåtten streva heile hushaldet med å få i hus fôr til kyrne, kalven og sauene. Denne tilpassinga blei opplevd som rimelig trygg; dei hadde det "duelig". Dei som bare hadde industriarbeidet eller bare eit lite bruk å leva av, hadde det "kjasse".

Det var tilflytta og inngifta arbeidarar med bare usikkert og underbetalt fabrikkarbeid å leva av, som drog i gong streiken på tresliperiet Trælandsfos i Kvinesdal i 1925. Men dei fleste av dei som streika, var enten to-kyrs industriarbeidarar eller ungdommar som budde heime på garden og hadde utsikt til å få seg jord og to kyr med tida. Fordi dei hadde fleire bein å stå på, hadde dei funne seg i låg løn, men då dei først gjekk ut i streik og hadde bygda i ryggen, kunne dei halda ut i ni månader og vann til slutt.

I romanen "Arbeidsmann" frå 1922 skriv Hans Seland om bondeguten Stein. Han hadde vore i byen som fagorganisert arbeidar, men han kjende seg som ein framand og likte ikkje miljøet. Han gjekk heller på bedehuset og i fråhaldslaget. Så då han fekk arbeid på fabrikkjen i heimbygda, blei han ein lojal og



godt nøgd arbeidsmann som "laga munnen etter matskreppa". Det var ein tryggleik han ikkje ville setta på spel. Draumen om å få seg "ein mole jord" ..."laag som ein søt løyndom attum møda". Derfor ville han ikkje ha noe å gjera med fagforening, tilreisande agitatorar og streikesnakk.

Mitt bidrag til dette arrangementet er å prøva å lesa Seland's roman og mi eiga magistergradsavhandling "To-kyrs industriarbeidarar i streik" inn i ei breiare fortelling om bygd, bonde og arbeidsmenn i norsk industrihistorie, særleg på desse kantar av landet.

Han kunne blitt lastebilsjåfør i Kvinesdal, men Akademia tok han og i 1976 tok han magistergraden i sosiologi ved Universitetet i Oslo. Mens dei andre sekstiåttarane krangla om "væpna revolusjon", søkte han til Studentmållaget og Studentvenstrelaget. Samtidig arbeidde han som frilans journalist og i 1985-86 var han kultureddaktør i Dagbladet. Seinare har han vore journalist, tidsskriftredaktør og rådgjevar ved Senter for bygdeforskning. Få har gjort meir for å modernisera nynorsken enn han gjer i Dagbladets spalter. Og så er han fæl til å springa.
Sosiolog og journalist Andreas Hompland fortel om arbeidskamp i Kvinesdal.

(Andreas Hompland, side 2)